

Zumbaen kjem snart hit!

02.02.2011



Therese Haugland i Aktivitetshuset med dottera Elvira Haugland Bondhus, som nyleg har fylt 2. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Turngruppa ønskjer å vera à jour med det som skjer i verda rundt oss. No gjer såleis det nye styret, leia av Therese Haugland (28), ein freistnad på å innføra Zumba også i Uskedalen.



Zumba går som ein farsott og kjem også snart til Uskedalen. (Foto: TV2)
Danseformen/treningsformen Zumba har sterk vind i segla.

Den bygger på latinamerikanske rytmar og er så enkel at dei fleste kan mestra han. Men det er ikkje heilt enkelt for turngruppa, det byr på problem og er dessutan kostbart å skaffa instruktørar til instruktørane.

- Men vi gjev ikkje opp, vi satsar på ymse kanalar, seier Therese, som har flytta heim til Uskedalen og snart blir tobarnsmor. Ho jobbar som revisor på Stord men aktar ikkje å seie frå seg leiarjobben sjølv om ein ny turnrekrutt melder seg i juni.

- Vi har eit så godt og aktivt styre at det er uproblematisk å vera leiar, seier nyvalde Therese.

- Vi har kreative og initiativrike styremedlemmer seier ho og presenterar dei andre i styret: June Løland, Gina Valvatna, Britt Steinsletten, Åshild Haukenes, Hanne Saghaug Kroka og Tone Kristoffersen.

Årsmeldinga for i fjor fortel om tilsaman 110 aktive i dei ymse partia og dei blir nok ikkje færre i år. Det er omtrent ein tiendedel av uskedalingane!

Instruktørkabalene er også løyst. No tek Anette Sund seg av step på måndagane, medan Hege Lekva har ansvaret for barnetrimmen på onsdagane. Då er det også idrettsskule med varierende instruktørar og aerobic med Anette Sund eller Astrid Haugland. Janne Hjelmeland er gymstick-instruktør på torsdagane.

Alle klokkeslett finn ein ved å trykka på "Det skjer" her på nettsida.

Onsdag 16. februar står det noko nytt på timeplanen. Det er karneval frå klokka 17.30 til 18.30 før barnetrimmen og idrettsskulen og med 3 år og 4. klasse som aldersspenn. Ein håpar å sjå mange flotte og fantasifulle kostymar, men det er slett ikkje noko press og inga premiering.

- Alle skal kjenne seg like, understrekar den nye leiaren.

Av Ola Matti Mathisen